



FJELL KOMMUNE

Plan- og utbyggingssjefen

KOMMUNAL- OG MODERNISERINGS- DEPARTEMENTET

Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Dykkar ref. Vår ref. Saksb. – tlf. Dato
 2016/2165 - 25498/2016 Hanna F Gjesdal - 55 09 73 38 21.10.2016

Uttale - høyring om organisering av eigedomsoppmålinga

Kommunal og moderniseringsdepartementet sendte 19. august 2016 ut *Høringsnotat Organisering av eiedomsoppmålingen. Forslag til endringer i matrikkellova mv.* Frist for å gi uttale til framlegget er sett til måndag 21. november 2016.

Sak om høyringsuttale vart lagt fram til politisk handsaming i komité for drift og forvaltning tysdag 18. oktober 2016. Dokument med saksprotokoll og saksframlegg ligg vedlagt, og vert å rekna som høyringsuttale frå Fjell kommune.

Med helsing

Hanna F Gjesdal
avdelingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Vedlegg

1 KDF 18.10.2016, møtebok PS 98/16 - Uttale til høyring - organisering av eigedomsoppmålinga

matrikkelen krev ofte kontakt med landmålar. Protokollen er ikkje alltid eintydig i høve problemstillingar som kjem ved teknisk utføring under matrikkelføring. Dette gjeld spesielt i store og kompliserte sakar, og kring grenser til sjø og veg. Det må vera lett å få avklart eventuelle uklarheiter, slik at dette ikkje vert overlata til matrikkelførar si tolking av saka. Ved matrikkelføring hos Kartverket vil matrikkelførar miste nærkontakten med landmålar.

I Fjell kommune er skillet mellom oppmåling og matrikkelføring sikra ved at det er nokre faste personar som matrikkelførar. Desse har gått naudsynte kurs hos Kartverket. Dersom ein matrikkelførar gjennomfører ei oppmålingsforretning, vil det vera ei anna som fører denne i matrikkelen.

Vi kan sjå at små kommunar kanskje ikkje har nok ressursar til å etablera eit slik skile. For desse kan ei overføring av eigedomsregistreringa i matrikkelen til Kartverket vera ei god løysing. Valfriheita er eit viktig grep her.

Datakvalitet og unøyaktige eigedomskart er ei generell utfordring knytt til eigedomsregisteret, men i hovudsak knytt til eigedommar som ikkje er målt opp etter delingslova (1980). Desse er registrert som skylddelte tomter med tekstleg skildring av grenser. Det er i samanheng med desse eigedommane at dei fleste konflikhtar mellom partane inntreff.

Arkiv og dokumentasjon

Kommunane har i dag ansvar for arkiv og dokumentasjon knytt til sakshandsaming. Noko dokumentasjon (t.d. tinglysingsdokument og pantebok) vert henta frå Kartverket. Kommunen vil sitja på eit historisk arkiv som, innafor gjeldande lovverk, sjølvstøtt skal vera tilgjengeleg for private verksemdar. Korleis arkivdokumentasjon skal gjerast tilgjengeleg er i stor grad eit spørsmål knytt til kostnad, kompetanse og tekniske løysingar.

Dei gamle arkiva i Fjell kommune (før 2005), er ikkje scanna, og er dermed ikkje tilgjengeleg elektronisk. Kommunen må anten får ressursar til å gjennomføra ei slik scanning, eller ha fagkyndig personal som kan finna fram og svara på spørsmål frå arkiva.

Eit viktigare spørsmål er korleis arkivdokumentasjon skal gjerast tilgjengeleg ved etableringa av ein privat oppmålingsteneste. Det går fram av høyringsnotatet at private landmålarfirma skal ha arkivplikt. Korleis desse arkiva skal vera tilgjengeleg for andre er uklart. Protokoll skal sendast inn til Kartverket (eller kommunen) saman med krav om matrikkelføring. Vi vil kunna få eit system der informasjon vert arkivert på fleire forskjellige plassar; kommunen, privat firma og Kartverket. «Ny» og «gamal» informasjon vert dermed ikkje lagra og arkivert saman, slik som i dag. Det må sikrast bevaring av arkivdokumentasjon dersom ei oppmålingsverksemd går konkurs.

Kompetanse

Høyringsnotatet peiker på at kommunane vil kunne mista fagfolk, dersom eigedomsoppmålinga i sin heilskap vert overtatt av private landmålarar. Rådmannen deler denne oppfattinga. Fagfolka som i dag gjennomfører oppmålingstenester i kommunen sit på mykje nøkkelkompetanse som kjem andre tenester til gode. Det vil vera eit klart behov for kommunen å oppretthalda naudsynt kart- og oppmålingskompetanse, både til karttenester, arkivtenester, planarbeid, bygge- og delesak. Desse fagfolka legg mellom anna til rette for digitale løysingar, register, geodata og webkart. Dette er tenester som vert nytta av næringsliv, publikum, politikarar og sakshandsamarar.

Endringane det vert lagt opp til vil heilt eller delvis gjera at kommunen mistar grunnlag for å oppretthalda naudsynt kart- og oppmålingskompetanse. Det vil eventuelt vera kompetanse som kommunen prioriterer å ha og betala for, sida gebyrgrunnlaget fell bort.

På sikt vil ei svekking av dei kommunale fagmiljøa innan kart og oppmåling, få konsekvensar for fleire store samarbeidsprosjekt, til dømes «Norge Digital» og «Geovekst», som er samarbeid mellom stat, fylkes og kommunane.

Overgangsordning

Dersom endringane som er lagt fram i høyringsnotatet vert vedteken gjennomført, er det viktig med førebudde overgangsordningar. Desse må ta omsyn til både kundane og tilsette, slik at prosessen vert føreseieleg.

Fleire kommunar, der i blant Fjell, Sund og Øygarden, skal førebu ei kommunesamanslåing som vert gjeldande frå 1. januar 2020. Korleis kommunen vil organisera oppmålingstenestene og matrikkelføringa bør få vera ein del av forhandlingane mellom kommunane dei neste åra. Om den nye kommunen ynskjer å etablere eit aksjeselskap for å tilby oppmålingstenester eller sjølv gjennomføra matrikkelføringa, kan ikkje Fjell kommune avgjera åleine. Det vil heller ikkje vera føremålstenleg for kommunane å måtte etablere separate midlertidige løysingar i forhandlingsperioden. Gjennomføringstakten for eventuelle endringar bør setjast i samanheng med kommunesamanslåinga, slik at ny organisering av tenestene vert ein del av forhandlingane fram mot 1.1. 2020.

Modell for oppmålingstenester i Fjell: offentleg-privat samarbeid

Rådmannen vil til slutt trekkja fram at dagens organisering av oppmålingstenester ikkje er til hinder for at kommunen kan nytta private tilbydarar. Fjell kommune har i dag rammeavtale med privat oppmålingsverksemd for gjennomføring av oppmålingsforretningar. Verksemda opptre på vegna av kommunen, får betalt frå kommunen, og er soleis heilt nøytral. Kunden forhold seg til kommunen og har dei same klagerettane som om kommunalt tilsette hadde gjennomført oppmålinga. Denne ordninga gir kommunen fleksibilitet mellom anna med omsyn til variasjon i saksmengde.

Konklusjon

I si vurdering har rådmannen peika på nokre konsekvensar av framlegget til endringar, som ein meiner ikkje er tilstrekkeleg omtala i høyringsnotatet. Utover det vil ikkje rådmannen gi noko tilråding. Det er også eit poeng for rådmannen å ikkje leggja føringar for dei kommande forhandlingane knytt til kommunesamanslåing.

KOMMUNAL- OG MODERNISERINGS- DEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Uttale - høyring om organisering av eigedomsoppmålinga

Dokumentet følger vedlagt. Dokumentet er send elektronisk og kan lesast i Altinn eller ei Digital postkasse.

Fjell kommune vil frå 01.01.2016 senda ut post digitalt til Altinn eller din Digitale postkasse. Dette er ei oppfølging av vedtak i Stortinget som inneber at stat og kommune skal gå over til å kommunisera med innbyggjarar og næringsliv på nett i staden for papir.

Med digital postkasse får du samla post frå det offentlege på ein plass og på ein trygg måte, samstundes som dette vil effektivisera saksbehandlinga. Du kan lagra posten så lenge du ønskjer. Det er gratis å oppretta og bruka postkassa, og du bidreg òg til å spare miljøet!

Det er mange om allereie har skaffa seg digital postkasse. Har du ikkje gjort dette enno, så er framgangsmåten enkel: Du kan velja mellom to postkassar; Digipost eller e-Boks. Postkassane er likestilte, og begge tilfredsstillar strenge krav til tryggleik.

Du kan reservera deg mot å få post digitalt. Du vil då få tilsendt post som før på papir.

Lurer du på noko?

Du finn informasjon om postkassane og reservasjonsmoglegheiter på sida: www.norge.no